



MØTEPROTOKOLL

A

Utval: Ulstein kontrollutval
Møtestad: Ulstein rådhus, møterom Hasund
Dato: 23.01.2019
Tid: 12.00 – 15.00

Faste medlemmer som møtte:

| Namn | Funksjon |
|--------------------|-----------|
| Asbjørn Gausdal | Nestleiar |
| Jon Åge Eidem | Medlem |
| Berit Lyngstad | Medlem |
| Mary Kleven Brekke | Medlem |

Faste medlemmer som ikkje møtte:

| | |
|-----------|---------|
| Ivar Mork | Leiaren |
|-----------|---------|

Varamedlemer som møtte:

| Namn | Møtte for |
|-----------------|-----------|
| Inge Håkonsholm | Ivar Mork |

Frå Vest kontroll møte:

| Namn | Stilling |
|------------------|----------------------------|
| Jostein Støylen | Dagleg leiar Vest Kontroll |
| Karoline Sighaug | Konsulent. I sak 1 og 6. |

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

| Namn | Stilling |
|---------------|---|
| Halldis Moltu | Oppdragsansvarleg revisor. |
| Bodill Skeide | Dagleg leiar/revisjonssjef. I sak 1 og 6. |

Frå administrasjonen møte:

| Namn | Stilling |
|----------------------|--------------------------------------|
| Ingrid Evebø Haug | Leiar PPT. I sak 6. |
| Kirsti Øy Driveklepp | Seksjonsleiar skule i Ørsta. I sak 6 |

SAKLISTE

- SAK 01/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/18 MELDINGAR
- SAK 04/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 05/18 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 06/18 ORIENTERING PPT
- SAK 07/18 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018
- SAK 08/18 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
TIDLEG INNSATS

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 01/19 | 033 | 03.01.2019 | 23.01.2019 | KS |

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Etter sak 1, sak 6 (som vert felles orientering med kontrollutvalet i Ørsta), deretter tilbake til saklista.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med nestleiareren vert vald Mary Kleven Brekke.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 02/19 | 049 | 03.01.2019 | 23.01.2019 | KS |

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 29.11.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 29.11.2018.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 03/19 | 033&17 | 03.01.2019 | 23.01.2019 | KS |

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane 1, 2 og 3 til vitende.
2. Behandling av melding 4 vert utsett til neste møte.

Vedlegg

1. Sunnmøre tingrett, saksnummer 17-199510TVI-SUMO, *rettsmeklingsprotokoll*. Datert 7.november 2018.
2. Frå bladet Kommunal økonomi, desember 2018: De nye reglene om rabatter i arbeidsforhold.
3. Frå bladet Kommunerevisoren, januar 2019: Endringar i kommuneloven – med vekt regnskapsrevisjonen.
4. Kommunestyresak PS18/78 Eigarskapsmelding 2018.

I møtet

Det kom fram i møtet at ein del av vedlegg ikkje følgde med saka. Meldinga vert difor å ta opp på neste møte.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 04/19 | 033&58 | 09.01.2019 | 23.01.2019 | KS |

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/ulstein/dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

| | | | |
|--|-------|-----------------|--------------|
| Kommunestyret | 25.10 | 29.11 | 13.12 |
| Formannskapet | 20.11 | 27.11 | |
| Administrasjonsutvalet | 13.11 | | |
| Teknisk utval | 15.11 | | |
| Ungdomsrådet | | | |
| Valnemnda | 23.04 | 13.12 | |
| Valstyret | 11.09 | 27.11 | |
| Viltnemnda | 23.05 | | |
| Levekårsutvalet | 14.11 | | |
| Nammenemnda | | | |
| Styret for Ulstein Eigedomsselskap KF | 19.11 | | |
| Skattetakstnemnda | | | |
| Klagenemnd eigedomskatt | | | |
| Politisk- administrativ leiarforum | | | |
| Formannskapet som klageorgan | | | |
| Fellesrådet for eldre og msk med nedsett funksjonsevne | 14.11 | | |
| SSR IKS – styret | | Sendt til leiar | |
| SSR IKS – representantskapet | | Sendt til leiar | |

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 05/19 | 033 | 11.01.2019 | 23.01.2019 | KS |

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtar møteplan i samsvar med sekretariatet sitt forslag.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2019 er det i tillegg til 23. Januar sett opp møte 5. mars, 6. mai, 24. september og 19. november.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 06/19 | 030&18 | 11.01.2019 | 23.01.2019 | KS |

ORIENTERING PPT

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå PPT-leiar Ingrid Ebebø Haug, supplert av Kirsti Øy Driveklepp (seksjonsleiar skule i Ørsta), til vitende.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Leiar for PPT Ingrid Ebebø Haug orienterer om PPT sitt arbeid. Orienteringa vart felles med kontrollutvalet i Ørsta og starter kl.12.00.

I møtet

Orienteringa var felles med kontrollutvalet i Ørsta.

PPT-leiar Ingrid Ebebø Haug, supplert av Kirsti Øy Driveklepp (seksjonsleiar skule i Ørsta), orienterte og svara på spørsmål.

Sentrale tema i orienteringa.

- Interkommunalt PPT samarbeid i 4 kommunar
- Endring som kjem ovanfrå
- Framtidsbilde – saman for utvikling og læring
- Ta med oss det som fungera godt og slutt med det som ikkje fungera
- Noko av det vi har gjort så langt
- Samarbeid
- Dette vart framheva i samarbeidsorganet
- PPT har mange interessentar – alle nivå er viktige for at «VI» skal skape ein vel fungerande organisasjon saman
- Langsiktig arbeid
- Arbeid i endringsprosessar intern og ekstern, krev kompetanse, god leiing og systematisk arbeid i alle fasane
- Tal på einingar er 72 med Møre barn og ungdomsskule/ vaksenopplæring
- Sakar
- «Å høyre til»
- Likeverdig opplæring – Inkludering - Tilpassa opplæring
- Systemperspektivet (utdanningsdirektoratet)
- PPT sitt mandat – opplæringslova
- PPT sitt arbeid med enkeltsaker
- Funksjonshemming – gap- modell
- Hele mennesket
- Inntaksliste/ arbeidsliste eller teneste og arbeidsoppgåver
- Saksmengd/ sakstype
- Arbeid med enkeltsaker/døme
- Saksgang enkeltsaker

- PPT sitt arbeid med kompetanseheving og organisasjonsutvikling
- KVA NIVÅ ER VI PÅ?
- Mål og resultat – PPI (PPT sitt journalsystem)
- Kva bør PPT ta meir omsyn til – forskning
- Rammeverk for implementering
- Utfordringar – få forståing i alle ledd for
- Korleis går det?
- Spørsmål, innspel, tilbakemeldingar eller kommentarar

PowerPoint frå orienteringa kjem som vedlegg på neste møte i kontrollutvalet

Etter orienteringa gjorde kontrollutvalet vedtaket i eige møte.

| Saknr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---------|-----------|------------|------------|----------------|
| 07/19 | 033 | 14.01.2019 | 23.01.2019 | JS og KS |

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2018 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2018. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2018.

| Saknr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---------|-----------|------------|------------|----------------|
| 08/19 | 217 | 15.01.2019 | 23.01.2019 | JS |

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TIDLEG INNSATS

Samrøystes vedtak

1. Etter Forskrift om kontrollutval § 13 er det kontrollutvalet sitt ansvar å følge opp forvaltningsrevisjonar.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen følge opp vedtaket i kommunestyresak 25/18.

Vedlegg

Kommunestyresak 25/18 Forvaltningsrevisjonsprosjekt om tidleg innsats. 25.05.2018.

Tilbakemelding frå rådmannen av 30.10.2018.

Tilbakemelding frå revisjonen til rådmannen si tilbakemelding.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet behandla forvaltningsrevisjonsprosjektet Tidleg innsats i sak 30/18 den 08.05.2018 med slik innstilling:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tidleg innsats, Ulstein kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 05.01.2018)
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - Ulstein kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
 - PPT må i større grad gjennomføre systemretta og førebyggjande arbeid ute på skulane, og i tillegg bidra med kompetanse og organisasjonsutvikling.
 - Kommunen har utarbeida felles rutinar for saksgang knytt til tilpassa opplæring og spesialundervising i skulen. Desse må reviderast m.h.t. tydlegare ansvarsfordeling.
 - Kommunen har ein eldre felles prosedyre/rutineperm for barnehagane. Denne må reviderast/oppdaterast både m.h.t. lovheimel, organisering/ansvar og innhald.
 - Kommunen må i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/oppdaterast mellom barnehage og skule.
 - Kommunen må vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren samt felles handlingsplan/kartleggingsplan i høve språk og sosial kompetanse i barnehagane.
 - Kommunen må vurdere om samtykkeskjema bør innehalde meir detaljar om kva informasjon som vert overført.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **12.11.2018**.

Kommunestyret behandla saka den 24.05.2018 i sak PS 25/18. Kommunestyret endra kontrollutvalet si innstilling på flg. punkt:

2 til:

Kommunestyret viser til revisjonen sine anbefalingar

3 til:

Kommunestyret ber rådmannen avklare grunnlaget/premissane/konsekvensane i dei skisserte anbefalingane, og kome med si tilråding i ei sak framja for levekårsutvalet og kommunestyret innan utgangen av oktober/november 2018.

Ut frå vedtaket i kommunestyret kan det sjå ut til at oppfølging av saka er teken bort frå kontrollutvalet, når dei har vedteke at rådmannen skal leggje fram saka for levekårsutvalet og kommunestyret, samt at det ikkje lenger er med at rådmannen skal rapportere om status for gjennomføringane av anbefalingane til kontrollutvalet.

Etter § 13 i forskrift om kontrollutval står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapporter til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt følgt opp. Det skal også rapporteres om tidlige saker som etter utvalgets mening ikke er blitt følgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Rådmannen har gitt tilbakemelding på innstillinga frå kontrollutvalet, utan å ta omsyn til endringane i kommunestyret sitt vedtak. Rådmannen må difor følge opp vedtaket til kommunestyret.

Møtet slutt.

Asbjørn Gaustad
Nestleiar

Mary Kleven Brekke
Medlem

Utskift til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordfører og rådmann til orientering.
SSKR IKS til orientering.